

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 31/2003

Møtedato: 14.5.03

Arkiv nr: S 974

## **S 974, KVÅLSSTØLEN – SØKNAD OM BEITE**

I samanheng med søknad om tilskot frå Vasetfondet i sak 30/03 søker Steinar Lagrud om å få vist ut 44 da stort areal til kulturbeite mellom stølane til Storhaug og Lagrud og i tillegg eit areal på 6 da inntil tilleggsjord F 975.

Etter stølsforskriftene § 6 blir søknad om tilleggsjord/inngjerda beite avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret skal leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

### **VEDTAK:**

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 16.5.03.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Steinar Lagrud  
Statskog  
Vestre Slidre kommune LNT